



Haugen VVA AS
Fabrikkgaten 7B
5059 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2648 - 16/22672

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
07.09.2016

Løyve til å etablere vassleidning - gbnr 99/2 m fl Våge

Administrativt vedtak. Saknr: 419/16

Tiltakshavar: Lindås kommune
Ansvarleg søker: Haugen VVA AS
Søknadstype: Søknad om løyve i eitt trinn med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-3.

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om legging av offentleg vassleidning som skal forsyna asylmottaket på Vågseidet. Leidningen skal leggest delvis i grøft, delvis som sjøleidning i ferskvatn og delvis i borhol under fylkesveg 398.

Det vert elles vist til søknad motteken 19.08.2016

Sakshandsamingsfrist

Søknaden vart sendt som eittrinnsøknad, men var ikkje komplett då han var motteken. Søknaden vart komplettert den 07.09.2016, med grunnavtale og løyve frå statens vegevsen. Sakshandsamingsfristen er 12 veker. Søknaden vert prioritert grunna vilkår ved ferdigstilling av asylmottaket.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i *kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden* er definert som LNF, bruk og vern av sjø og vassdrag og næring.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon. Det er i samsvar med dei to siste føremåla som er nemnt ovanfor. Det LNF-arealet som er berørt, er alt disponert til liknande tekniske anlegg. Vi vurderer endringar/tillegg til å vera så små at det ikkje krevst dispensasjon.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

Uttale frå anna styresmakt

Statens vegvesen har i brev datert 06.09.2016 gjeve løyve til kryssing av fylkesveg 398 og graving av grøft langs vegen.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Terrenghandsaming

Terrenget skal tilbakeførast til same kvalitet som før inngrepet.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Det er lagt fram avtale med eigar av gbnr 99/2.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn til å leggja vassleidning i vatn, grøft og i borhol i samsvar med søknad.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Anna lovverk

Løyve til tiltak er gjeve i medhald av plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å bygga i høve til anna lovverk eller privatrettslege forhold, jf pbl § 21-6. I tillegg til løyve etter pbl, må det ligga føre løyve til tiltak i sjø etter lov om havner og farvann (Bergen og Omland havnevesen).

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/2648

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld

føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune

Teknisk drift

Mottakarar:

Haugen VVA AS

Fabrikkgaten 7B 5059

BERGEN